

**Utval:** Fylkestinget  
**Møtestad:** Thon Hotel Sandven, Norheimsund  
**Dato:** 12.06.2019 **Tidspunkt:** 11:00 - 18:30  
**Tidspunkt:** 13.06.2019 **Tidspunkt:** 09:00 – 17:05

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Fylkesordførar	A
Siri Klokkestuen	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Atle Kvåle	Medlem	A
Emil Lennart Pålíkoff Gadolin	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Helge Nævdal	Medlem	A
Synnøve Solbakken	Medlem	A, møtte 12.06.
Roald Kvamme	Medlem	A, kom 12.06. kl. 12.00.
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	A
Per Lerøy	Medlem	A
Åse Gunn Husebø	Medlem	A
Kjell Gitton Håland	Medlem	A
Gro Berge	Medlem	A
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP
Gustav Bahus	Medlem	FRP, møtte 12.06.
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	FRP
Rosalind Fosse	Medlem	FRP
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H
Ragnhild Fagerbakke	Medlem	H
Olav Kvinge	Medlem	H
Iiril Schau Johansen	Medlem	H, møtte 12.06.
Dan Stian Femoen	Medlem	H
Svein Halleraker	Medlem	H
May Eva Sandvik	Medlem	H, gjekk 13.06. kl.16.10.
John Helge Gullaksen	Medlem	H
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KRF
Pål Kårbø	Fylkesvaraordførar	KRF
Tor André Ljosland	Medlem	KRF
Tom Sverre Tomren	Medlem	KRF, gjekk 13.06. kl.15.30.
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG, gjekk 13.06. kl.12.00.
Terje Kollbotn	Medlem	R
Benthe Bondhus	Medlem	SP
Jon Askeland	Medlem	SP
Sara Hamre Sekkingstad	Medlem	SP
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP
Aud Karin Oen	Medlem	SV
Marthe Hammer	Medlem	SV
Daniel Charles Hextall	Medlem	SV

Anne Beth Njærheim	Medlem	V
Geir Kjell Andersland	Medlem	V, møtte 13.06.

#### Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Gunnar Bakke	Medlem	FRP
Inge Reidar Kallevåg	Medlem	H
Beate Husa	Medlem	KRF
Espen Berntsen	Medlem	A
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A
Linda Haugland Jondahl	Medlem	A
Mari Klokkestuen Kjellesvik	Medlem	A
Geir Angeltveit	Medlem	V
Ragnhild Hoff Eilertsen	Medlem	A
Torgeir Toppe	Medlem	A

#### Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Kari Foseid Aakre	Espen Berntsen	A
Øyvind Hardeland	Ragnhild Hoff Eilertsen	A
Shirin Kvernes Khadoor	Torgeir Toppe	A
Espen Foseid Aakre	Linda Haugland Jondahl	A
Dag Rune Mo	Kari Sørensen Bernardini	A
Gunnar Wejset Ramsdal	Mari Klokkestuen Kjellesvik	A
Anita Garlid Johannessen	Roald Stenseide	FRP
Christoffer Thomsen	Gunnar Bakke	FRP
Christer Lilleskare Olsen	Inge Reidar Kallevåg	H
Kristian Helland	Beate Husa	KRF
Elizabeth Toft Erichsen	Geir Angeltveit	V
Torstein Gunnarson	Geir Kjell Andersland	V, møtte 12.06.
Olav Magnus Hammer	Synnøve Solbakken	A, møtte 13.06, gjekk kl.16.15
Nils-Anders Nøttseter	Øyvind Strømmen	MDG, møtte 13.06 frå kl.12.00
Svein Otto Jacobsen	Gustav Bahus	FRP, møtte 13.06.
Nils Kåre Skoge	Iiril Schau Johansen	H, møtte 13.06.
Magne Djuvik	Gunnar Bakke	FRP, møtte 13.06 frå kl.12.00

#### Merknader

#### Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Kst. fylkesrådmann
Nils Egil Vetlesand	Kst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Arne Åsan	Fylkestannlege
Målfrid Vik Sønstabø	Kst. direktør Skyss
Hilde Joranger Mæland	Leiar kommunikasjonsrådgiving
Bjarte Brask Eriksen	Seniorrådgjevar
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar
Silje Lyngstad	Rådgjevar

Anita Fjellheim  
Dianne Kilvær  
Mariell Solheim  
Petter Lem Gullestad  
Thomas Meling  
Håvard Fjellanger Rolland

Spesialkonsulent  
Spesialkonsulent  
Konsulent  
Spesialrådgjevar  
IKT- konsulent  
IKT- konsulent

Sigrid Helene Aardal  
sekretær

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 21/19	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 22/19	Opning av fylkestinget		
PS 23/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 10/19	Flytting av bomstasjon til Skageveien - Avbøtande tiltak på Grimseidvegen	2018/11652	
RS 11/19	Gratis å ta med sykkel på båtutene	2019/10878	
RS 12/19	Hydrogen som energibærer for maritim transport generelt og hurtigbåt spesielt	2019/1945	
RS 13/19	Årsrapport vaksenopplæringa 2018	2019/2965	
RS 14/19	Årsmelding 2018 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2017/485	
RS 15/19	Årsmelding 2018 for Hordaland fylkeseldreråd	2018/16480	
RS 16/19	Svar på spørsmål om skilting i krysset E134/Fv 48	2015/8272	
RS 17/19	Svar på spørsmål vedk. seksuell trakassering	2019/10751	
RS 18/19	Svar på spørsmål vedr. Bømlø vgs - lokalisering verkstadsareal for TIP, EL og naturbruk	2014/11864	
RS 19/19	Svar på spørsmål om TO-tilbod på Bømlø	2014/11864	
PS 24/19	Interpellasjonar/spørsmål		
FO 8/19	Interpellasjon frå Ljosland (KRF) - kampen mot menneskehandel	2019/11743	
FO 9/19	Interpellasjon frå Njærheim (V) - fokus på tannhelse og munnstell på institusjon	2019/11743	
FO 10/19	Interpellasjon frå Hammer (SV) - naturtap i stort tempo	2019/11743	
FO 11/19	Interpellasjon frå Kollbotn (R) - tilslutning til lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli	2019/11743	
FO 12/19	Interpellasjon frå Fosse Andersen (SP) - om dagsturhytter	2019/11743	
FO 13/19	Interpellasjon frå Tomren (KrF) - om klimagassutslipp	2019/11743	
FO 14/19	Interpellasjon frå Golis (MDG) - Hordland fylkesting erklærer klima og miljøkrise	2019/11743	
FO 15/19	Spørsmål frå Kolbotn (R) - statstilskot og skulepengar private vidaregåande skular	2019/11743	
FO 16/19	Spørsmål frå Oen (SV) - Nedlegging av ambulerande trafikkstasjon i Hardanger og omgjerung av Odda, Stord og Voss til sørviskontor	2019/11743	
PS 25/19	Ymse		
PS 26/19	Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular - Revisjonsrapport	2019/685	
PS 27/19	Forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning - Revisjonsrapport	2017/17902	

PS 28/19	Godkjenning av årsrekneskap 2018	2016/4239
PS 29/19	Årsmelding 2018 Hordaland fylkeskommune	2019/11699
PS 30/19	Finansrapport 1. tertial 2019	2014/927
PS 31/19	Godkjenning av prosjektrekneskap	2015/12709
PS 32/19	Godkjenning av to prosjektrekneskap	2015/12709
PS 33/19	Tertialrapport pr. april 2019 - rekneskapsprognose	2019/10993
PS 34/19	Nytt fylkeshus - eigarskap og byggestart	2018/6103
PS 35/19	Fyllingsdalen vgs. - Rehabilitering	2019/1432
PS 36/19	Willy Valentinsens vei 34 - godkjenning av bod	2014/18441
PS 37/19	Fullmakt til sal av eigedomar som er kjøpt i samband med bygging av bybane til Fyllingsdalen	2018/16321
PS 38/19	Framlegg om endra bomstasjonsplassering i Åsane bydel	2019/11614
PS 39/19	Rapportering på handlingsprogrammet til Regional transportplan 2018-2029	2015/10633
PS 40/19	Passasjerbetaling på fylkesvegferjer med AutoPass	2015/11763
PS 41/19	Handlingsprogram Miljøløftet 2020 - 2023	2019/11003
PS 42/19	Godkjenning av søke tilskotsordning vold og overgrep	2018/10978
PS 43/19	Kystpilegrimsleia. Regionale pilegrimssenter	2019/2638
PS 44/19	Auka gjennomføring og fleire ut i lære - erfaringar og tilrådingar	2017/1228
PS 45/19	Bømlo vgs - lokalisering verkstadsareal for TIP, EL og naturbruk	2014/11864
PS 46/19	Vedtektsendringar for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval	2014/560
PS 47/19	Årsmelding, handlingsprogram og protokoll frå Ungdommens fylkesting	2019/9684
PS 48/19	Årsmelding 2018 - Klagenemnda	2019/2890
PS 49/19	Årsmeldingar for fylkesvegane i Hordaland og Miljøløftet	2014/505
PS 50/19	Regionalt forskingsfond Vestlandet - Årsrapport 2018	2019/11285
PS 51/19	Kollektivstrategi for Hordaland - Årsrapport 2018	2014/278
PS 52/19	Søknad om fritak frå fylkeskommunale verv grunna flytting - Derya Cifti	2017/732
PS 53/19	Søknad om fritak frå fylkeskommunale verv - Beate Husa	2017/732
PS 54/19	Val som varamedlem til utval for opplæring og helse	2017/732
PS 55/19	Fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune	2015/1434
PS 56/19	Byvekstavtale for Bergensområdet for perioden 2019-2029	2018/15293
PS 57/19	Fråsegn - Stortinget må sikra eit nytt og betre inntektssystem for fylkeskommunane	2018/16486
PS 58/19	Fråsegn - Tid for tillitsreform	2019/12609
PS 59/19	Fråsegn - Støtte til streikande i sjukehusa	2017/16057

PS 60/19	Oppfølging av RS 17/19 i fylkestinget	2019/10751
PS 61/19	Erklæring av klimakrise og miljøkrise	2019/11743

## **PS 21/19 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019**

Fylkesrådmannen gjorde framlegg om at PS 43/19 og PS 44/19 vart trekt frå sakskartet. Fylkestinget slutta seg samrøystes til dette.

#### **Vedtak**

Innkallinga og saklista vart godkjend med merknaden over.

## **PS 22/19 Opning av fylkestinget**

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019**

Fylkestinget vart lovleg sett.

Fylkestinget vart opna med kunstnarleg innslag med tambur Rolf Seldal.

## **PS 23/19 Referatsaker (meldingar)**

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019**

RS 10/19- RS 19/19 vart refererte.

## **PS 24/19 Interpellasjonar/spørsmål**

### **FO 8/19 Interpellasjon frå Ljosland (KRF) - kampen mot menneskehandel**

#### **Saksprotokoll i Fylkestinget - 12.-13.06.2019**

Fylkesordføraren gav slikt svar.

«Hordaland fylkeskommune ved seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling har delteke i referansegruppa for Bergen kommune si plan mot menneskehandel «et liv i frihet». Dette då kampen mot menneskehandel kan sjåast opp mot arbeid knytt til internasjonale levekårsutfordringar. Hordaland fylkeskommune gav innspel til utviklinga av temaplanen og fekk meir kunnskap om denne tematikken.

Hordaland fylkeskommune sin folkehelseering blei orientert om pågåande temaplanarbeid i Bergen kommune vinteren 2019. Folkehelseeringen er ei samarbeidsplattform for arbeidet med å fremje folkehelsearbeid på tvers av avdelingane hjå fylkeskommunen. Hordaland fylkeskommune arbeider breitt for at alle innbyggjarar i fylket skal få gode levekår. Fylkeskommunen bidreg også som arbeidsgjevar gjennom rekrutteringsarbeid, introduksjon og oppfølging av eigne tilsette til å fremje eit anstendig arbeidsliv.

Hordaland fylkeskommune har som del av samfunnsutviklarrolla merksemd på tematikken menneskehandel på ulike innsatsområder. Dette serleg knytt til FNs berekraftsmål 8, eit anstendig arbeidsliv og økonomisk vekst. Døme her er Strategi for omstilling og nyskaping i industrien i Hordaland (revidert 2019). Eit av tiltaka knytt opp til rammevilkåra i industrien handlar om å «styrke tilsyn og kontrollapparat med ein tiltakspakke for å motverke sosial dumping og svart arbeid (pkt. 2.4). Fylkeskommunen er også ein samfunnsaktør når det gjeld innkjøp/anskaffingar og oppfølging av kontrakter. Gjennom innkjøpspolitikken skal fylkeskommunen gjennomføre samfunnsansvarlege innkjøp jfr. innkjøpsprinsipp nr. 7 etter ILO sine kjerneverdier. Dette er forankra i alle kontaktsmalar

under punkt 1 Ethiske krav. Alle leverandører og avtalepartnere skal respektere og etterleve grunnleggjande krav til menneskerettar, arbeidstakarrettar og miljø.

Temaplanen til Bergen kommune er avgrensa til områder kommunen sjølv har verkemiddel på, men i nært samarbeid med andre. HFK si deltaking i referansegruppa for temaplanen, har ikkje avdekket nye områder der fylkeskommunen kan bidra, men vi er sjølvsagt positive om det kjem ein førespurnad om dette.»

## **FO 9/19 Interpellasjon frå Njærheim (V) - fokus på tannhelse og munnstell på institusjon**

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019**

Fylkesordføraren gav slikt svar:

Lov om tannhelseteneste definerer i § 1-3 kva for grupper som har ein lovfesta rett til gratis tannhelseteneste på fylkeskommunal tannklinikk. Ei av desse gruppene er «eldre, uføre og langtidssjuka i institusjon og i heimesjukepleie.» Kravet er at opphaldet på institusjon – eller tilbod om heimesjukepleie - må vara i minst 3 månader.

Den klare betringa i tannhelsa til born og unge gjer seg også utslag i ei markert endring i tannhelsestatus til den eldre generasjonen. Det er nå uvanleg at eldre menneske ikkje har eigne tenner. Tannhelsetenesta si røynsle med sjukeheimspasientar er at dei er eldre enn før, dei er generelt sjukare enn før og tilnærma alle har eigne tenner. Kombinasjon av høg alder og alvorleg sjukdom gjer tannbehandling på denne pasientgruppa ofte krevjande. Målet med tannhelsetilbodet til sjukeheimspasientar er at tannhelsetenesta i nært samarbeid med kommunalt pleiepersonell skal sikre at brukaren kan oppretthalde ei god oral helse ved å:

- *ikkje ha smerte, ubehag eller alvorlege lidningar i munnhola*
- *ha tilfredsstillande tyggefunksjon*
- *kunne kommunisere og ha sosial omgang utan problem som skuldast munn- og tannhelsa*

Det samla tannhelsetilbodet til pasientar på institusjon i Hordaland er ein kombinasjon av dagleg munnstell oftast utført av pleiepersonell, undersøking av tannpleiar to gonger årleg samt tannbehandling på tannklinikk om nødvendig. Samhandlinga mellom kommunalt pleiepersonell og fylkeskommunalt tannhelsepersonell er regulert i samarbeidsavtalar med alle kommunar. Målet med samarbeidsavtalen er å fremje god helse, førebyggje tannsjukdom og gje nødvendig tannhelsehjelp. For å gje tilsette på institusjon nødvendig kunnskap om eldre si tannhelse, står mellom anna i samarbeidsavtalen: «*Tannhelsetenesta har ansvar for å gje tilsette på sjuke-/aldersheim og i institusjon fagleg støtte, opplæring og rettleiing etter dei til ei kvar tid gjeldande tilrådingane for god oral helse/tannhelse. I samarbeidsmøte vert det utarbeidd ein systematisk plan for gjensidig opplæring, rettleiing og fagleg støtte*».

Samarbeidsavtalen definerer og kommunane sitt ansvar: «*Kommunen skal sikre at munn- og tannstell inngår i kommunen sin opplæringsplan og i brukarane sin individuelle plan*».

Kompetanseheving skjer best med langsiktig og målretta arbeid. Den fylkeskommunale tannhelsetenesta har i mange år samarbeida med UiB ved at tannlege- og tannpleiarstudentar i grunnutdanninga hospiterer på Årstad tannklinikk for å få innblikk i og røynsle med behandling av denne pasientgruppa. Vidare har tannhelsepersonell i mange år hatt fokus på opplæring av kommunalt pleiepersonell slik at munn- og tannstell blir ein naturleg del av daglege rutinar, og at det blir utført på ein fagleg god måte. Tannhelsetenesta har dei seinare åra etablert eit viktig og god samarbeid med Utviklingssenteret for sykehjem og hjemmetjenester, Hordaland. Samarbeidet er knytt til ulike kompetansehevande tiltak retta mot den kommunale pleie og omsorgstenesta.

I Hordaland er det totalt snaue 100 sjukeheimar, og dei fleste har færre enn 50 sengeplassar. To av desse sjukeheimane har eigen tannklinikk, medan i tre tilfelle ligg hovudetannklinikken i kommunen i same eller nærliggande bygg. Fylkestinget vedtok i mars 2016 klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland. I planen står at «det vert vurdert som uaktuelt å etablere nye tannklinikkar på sjukeheimar. Etablering av ny tannklinikk med eit behandlingsrom og utstyr etter fagleg forsvarleg standard og med krav om universell utforming krev investering på om lag 2 mill.» Med så høg investeringskostnad og relativ liten bruk så er det framleis ikkje aktuelt å etablere eigne tannlegekontor

på dei større institusjonane. Ved planlegging av nye tannklinikkar vil det alltid bli vektlagt å ha kortast mulig reiseveg frå institusjon til tannklinikkk.

I samband med interpellasjonen vart det frå interpellanten Anne Beth Njærheim (V) sett fram slikt forslag til oversending:

«Hordaland fylkesting ber om ei sak som belyser status og eventuelle utfordringar i Hordaland/Vestland fylke når det gjeld tannhelse til eldre på institusjon. Moglege tiltak som medfører samarbeid med kommunane bør også utgreiast i ei slik sak.»

## **Røysting**

Det var 54 representantar til stades.

Njærheim sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt.

## **FO 10/19 Interpellasjon frå Hammer (SV) - naturtap i stort tempo**

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019**

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Regjeringa skal kvart fjerde år leggje fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet. Det går fram av plan- og bygningslova § 6-1. Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i arbeidet med planstrategiar og planar i fylkeskommunane og kommunane og ligg til grunn for dei statlege myndigheitene sin medverknad i planlegginga.

I dei nyleg oversendte nasjonale forventningane 2019-2023 går det mellom anna fram at det er forventa at fylkeskommunane og kommunane identifiserer og tek omsyn til viktig naturmangfald, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturhistoriske verdiar, kulturmiljø og landskap i planlegginga. Samla verknader blir tekne omsyn til. Regjeringa har konkrete forventningar til planlegging som verktøy for heilskapleg berekraftig utvikling.

Hovudansvaret for arealforvaltninga ligg hos kommunane. Fylkeskommunen har ansvar for planfagleg rådgjeving og er regional planmynde gjennom plan- og bygningslova. Hordaland fylkeskommune tek dette ansvaret på alvor, og gjennomfører ei rekkje arrangement og samlingar der forskjellige tema knytt til planlegging og arealforvaltning vert sett fokus på. Fylkeskommunen vurderer og gir fråsegn til kommunale plansakar, både oppstartsmeldingar, reguleringsplanar og kommuneplanar, og på alle desse nivå er Naturmangfald eit tema som vert vurdert. Fylkeskommunen handsamer kommunale planar utifrå vedtekte regionale planar og sektoransvar. Forvaltningsansvaret for truga artar er imidlertid lagt til Fylkesmannen, medan Fylkeskommunen har forvaltningsansvar for ikkje truga artar og haustbart vilt.

Regional planmyndighet skal minst ein gong i kvar valperiode, og seinast innan eit år etter konstituering, utarbeide ein regional planstrategi i samarbeid med kommunar, statlege organ, organisasjonar og institusjonar som vert berørt av planarbeidet.

Planstrategien skal redegjere for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, vurdere langsiktige utviklingsmoglegheiter og ta stilling til langsiktige utviklingsmål og kva spørsmål som skal takast opp gjennom vidare regional planlegging.

Den regionale planstrategien skal innehalde ein oversikt over korleis dei prioriterte planoppgåvene skal verte fulgt opp og opplegget for medverknad i planarbeidet.

I tillegg kan regional planmynde starte arbeid med planer etter plan og bygningslova på områder der staten, regional planmynde og kommunane saman har ansvar for å løyse planoppgåver av regional eller nasjonal betydning, her under planlegging av større samanhengande natur- og friluftsområde (jf pbl §3.6).



I gjeldande regional planstrategi for Hordaland (2016-2020) er berekraftig regional utvikling definert som eit langsiktig mål, der den samla aktiviteten i Hordaland må ta omsyn til økologisk balanse regionalt og globalt og langsiktig forvaltning av ikkje-fornybare ressursar. Nedbygging eller beslaglegging av areal og forbruk av ikkje-fornybare ressursar er forhold som bør vurderast nøye dersom ein skal oppretthalda ein god miljøtilstand i framtida. Bit-for-bit utbygging, manglande heilskapleg prioritering av arealbruk og kortsiktige disponering av naturressursar er uheldig. Overordna planar for bruk og vern av areal- og naturressursar er heilt avgjerande for ei berekraftig utvikling. Forpliktande regional arealplanlegging med bruk av kart, retningslinjer og bestemmelsar gir forutsigbarheit og meir effektive planprosessar, og må styrkast.

I den regionale planstrategien for Hordaland er det vedtatt at ein skal utarbeide ein regional plan for areal, natur og kulturminneinteresser. Utfordringane og strategiane for ei klima- og miljøvenleg utvikling viser at det er trong for å utvikle ein føreseieleg og samstemt politikk når det gjeld arealforvaltning i form av ein regional plan. Dette vil kunne sikre viktige verdiar gjennom ei langsiktig og målretta forvaltning. Bevaring av eit rikt naturmangfald, og arealstrategiar som vil ivareta artsmangfaldet i det nye fylket vårt, bør vere eit sentralt fokus når ein tek fatt på dette viktige og omfattande planarbeidet. Utarbeiding av eit arealregnskap, som til dømes inkluderer arealendringar, økologisk tilstand og behov for nye kartleggingar, kan vere eit nyttig bidrag i dette arbeidet.»

I samband med interpellasjonen vart det frå interpellanten **Marthe Hammer (SV)** sett fram slikt forslag til vedtak:

«Hordaland fylkeskommune skal få fortgang i arbeidet med å utvikle metodikk og felles grunnlag for hva som er «den samlede belastning» etter naturmangfoldloven.

Fylkestinget meiner det for Hordaland, og framtidig Vestland, er behov for å utarbeide eit arealregnskap som gir oversikt over arealendringar, kartleggingsbehov og status for økologisk tilstand, behov for restaurering og trender for naturmangfoldet i fylkets kommunar. Som regional planaktør skal fylkeskommunen vere ein viktig premissleverandør i dette arbeidet.»

## Røysting

Det var 54 representantar til stades.

Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

Hordaland fylkeskommune skal få fortgang i arbeidet med å utvikle metodikk og felles grunnlag for hva som er «den samlede belastning» etter naturmangfoldloven.

Fylkestinget meiner det for Hordaland, og framtidig Vestland, er behov for å utarbeide eit arealregnskap som gir oversikt over arealendringar, kartleggingsbehov og status for økologisk tilstand, behov for restaurering og trender for naturmangfoldet i fylkets kommunar. Som regional planaktør skal fylkeskommunen vere ein viktig premissleverandør i dette arbeidet.

## FO 11/19 Interpellasjon frå Kollbotn (R) - tilslutning til lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli

### Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«I samband med interpellasjonen vart det frå interpellanten Terje Kollbotn (R) sett fram slikt forslag til oversending:

«Hordaland fylkeskommune vedtok i høyringa til Nasjonal transportplan 2018-29 å prioritere K5-konseptet med samla kontinuerleg utbygging av strekninga Arna-Voss med både veg og bane. Vidare støtta fylkestinget utbygging av Ringeriksbanen. Til saman vil desse to innkortingane gje ei reisetid mellom Oslo og Bergen på om lag 4,5 time. Med andre utbetringar både på høgjøllstrekninga og i

Hallingdal som gjer langt høgare hastigheit på banen, vil visjonen om Bergensbanen på under 4 timar mellom Bergen og Oslo kunne realiserast. Reisetida på Bergensbanen vil med dette bli konkurransedyktig både med fly og bil.

I pågåande NTP-rullering for perioden 2022-33 er det mange store prosjekt som vi må arbeide for å få på plass. Det gjeld ny bymiljøavtale der staten tek eit større ansvar for utbygging av infrastruktur for kollektivtrafikk i byane. Og vi har ei rekkje store vegprosjekt som vi har prioritert, som E39, E16 og E134.

I samband med pågåande NTP-rullering har regjeringa vist til Perspektivmeldinga, som viser at handlingsrommet framover i norsk økonomi er avgrensa. Vi kan ikkje forvente like stor vekst i rammene til NTP frametter som det har vore til no.

Ut i frå dette meiner eg at vi må halde fast på våre prioriteringar og ikkje spreie oss ytterlegare utover. Ei støtte til lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli kan skape tvil om at vi prioriterer Bergensbanen. Eg minner på at i førre NTP-runde blei vi skulda for at vi ikkje prioriterte.

Eg kan på dette grunnlag ikkje arbeide for tilslutning til lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli.»

Kolbotn trekte sitt forslag til vedtak framsett i interpellasjonen.

I samband med interpellasjonen vart det frå interpellanten Terje Kollbotn (R) sett fram slikt forslag til oversending:

«Forslaget om tilslutning til Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli (interpellasjon FO 11/19) vert oversendt til utval for miljø og samferdsel, og blir handsama etter ein presentasjon frå Lyntogforum.»

## **Røysting**

Det var 54 representantar til stades.

Kollbotn sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt.

## **FO 12/19 Interpellasjon frå Fosse Andersen (SP) - om dagsturhytter**

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019**

Fylkesordføraren gav slikt svar:

1. *«Vil fylkesordføraren ta kontakt med Sparebanken for å få etablert eit samarbeid om dagsturhytter i Hordaland? Kva andre aktørar ser ho føre seg som aktuelle samarbeidspartnarar for å kunne realisere dagsturhyttene?»*

Dagsturhytteprosjektet i Sogn og Fjordane har vore ein stor suksess, og dei fleste av hyttene er no på plass. Fylkesordføraren stiller seg positiv til å vidareføre arbeidet over eksisterande fylkesgrenser i heile nye Vestland fylke. Dette vil kunne bidra til å skape ein felles identitet og stoltheit over den flotte naturen me har i Vestland.

Fylkesrådmannen har vore i dialog med Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane i ein lengre periode om dette arbeidet og vil følgje opp desse samtalarane. Stiftinga løyver midlar til ulike prosjekt som kjem sine kundar til gode (definert til Sogn og Fjordane). Styret har likevel vore positiv til å bidra med ei støtte på kr 100.000,- til kvar av hyttene i Hordalandskommunane. Det er halvparten av det kommunane i Sogn og Fjordane fekk i gåve. Det er difor trong for å finne finansiering for dei resterande kr 100.000,- for kvar hytte. Denne summen kan bli høgare då dei nye hyttene må leggjast ut på nytt anbod. I den prosessen må erfaringane så langt med hyttene i Sogn og Fjordane takast med i grunnlaget. Såleis er det behov for minimum kr 3,3 mill. eller kr 2,5 mill. avhengig av om det er dagens eller komande kommunestruktur.

Fylkesbiblioteket i Sogn og Fjordane har fått støtte frå Nasjonalbiblioteket til prosjektet Nynorske turbibliotek som skal plasserast i dagsturhyttene. I eit ev. Vestlandshytte-prosjekt vil det vere naturleg å søkje midlar til vidareføring av dette til dei nye hyttene.

Eit alternativ i høve til finansiering er å jobbe vidare med ein eller fleire nye aktørar som t.d. Sparebanken Vest, for å kunne fullfinansiere hyttene utan fylkeskommunale midlar til investering.

For å kunne gjennomføre dagsturhytteprosjektet må fylkeskommunen setje av interne ressursar m.a. på innkjøp og eigedom, fylkesbiblioteket og idrett og friluftsliv.

2. *Vil fylkesordføraren støtte å setje av delar av mindreforbruket i 2018 til et dagsturhytteprosjekt i Hordaland?*

Fylkesordførar ser positivt på tiltaket, men viser Fylkestingsmøte 12. og 13. juni, PS 28/19 Godkjenning av årsrekneskap 2018. Fylkesordførar vil ikkje forskotere bruken av desse midlane, og ser det som naturleg at dette vert drøfta når saka vert behandla.

3. *Kva for prosess ser fylkesordføraren føre seg vidare for å kunne starte opp eit dagsturhytteprosjekt i Hordaland?*

Det er avgjerande å få på plass eksterne samarbeidspartar i høve til finansieringa. Erfaringare frå arbeidet i Sogn og Fjordane må vere grunnlaget for eit felles Vestlandsprosjekt. Prosjektet vert m.a. evaluert av FOU-miljø.

Prosjektet må organiserast slik at dei ulike eksterne og interne aktørane får klart definert ansvar og roller i arbeidet. Nødvendige interne ressursar må setjast av.

Fylkesordføraren foreslår at det vert lagt fram ei sak for fylkestinget i Vestland om vidareføring av dagsturhyttene i heile det nye fylket. Kommunane i Sogn og Fjordane vil i fase 2 få tilbod om å etablere fleire dagsturhytter i sine tettstadar. Såleis kan det vere tenleg å gje tilbod til dei større kommunane i nye Vestland om å etablere dagsturhytter i tettstader for å nå flest mogleg innbyggjarar. I fleire av dei nye kommunane i nye Vestland fylke er det store geografiske avstandar.»

I samband med interpellasjonen vart det frå interpellanten Aleksander Fosse Andersen (SP) sett fram slikt forslag til vedtak:

«Fylkestinget i Hordaland er positivt til å etablere dagsturhytter i Hordaland og ber administrasjonen leggje fram sak til politisk handsaming så raskt som mogleg.»

## **Røysting**

Det var 54 representantar til stades.

Fosse Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Fylkestinget i Hordaland er positivt til å etablere dagsturhytter i Hordaland og ber administrasjonen leggje fram sak til politisk handsaming så raskt som mogleg.

## **FO 13/19 Interpellasjon frå Tomren (KrF) - om klimagassutslipp**

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019**

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Vi har oversikt over utviklinga i klimagassutslipp fordelt på fylker fram til 2017.

For Hordaland ser vi ein trend med synkande klimagassutslipp frå toppåret 2013. Vi ser at utslipp frå vegtrafikk, avfall og avløp, landbruk, luftfart og industri, olje og gass går ned, medan utsleppa stig for

energiforsyninga og i bygg- og anleggssektoren. Det har også vore ei auke i utsleppa frå sjøfart, men desse resultatane er meir usikre, grunna stadig betre tilgang til data, som kan spele inn. Det er likevel grunn til å tru at meir landligge dei siste åra vil forklare noko av auken. Det er venta ein stor reduksjon i utsleppa frå energiforsyning i fylket når kraftvarmeverket på Mongstad reduserer sin aktivitet.

Sogn og Fjordane har totalt ein tredel av utsleppa i Hordaland. Her ser vi ein aukande trend i same tidsperiode. Auken her kjem i hovudsak frå industri, olje og gass. Også her ser vi ein reduksjon i utslepp frå vegtrafikk, avfall og avløp, luftfart og sjøfart. I Sogn og Fjordane er også sterk reduksjon i utsleppa frå oppvarming, medan det er stor variasjon i utsleppa frå bygg- og anlegg og landbruk.

Når det gjeld utviklinga for artsmangfaldet i Sogn og Fjordane og Hordaland så finnast det ikkje noko generelt langsiktig overvåkingsprogram. På Norsk raudliste for artar 2015 er 235 artar klassifisert som truga i Sogn og Fjordane og 315 artar i Hordaland. Av dei truga artane i Vestland er det fleist soppar, lav, karplantar og mosar. Arealendringar er rekna som største trusselen mot artsmangfald.

Eg har tru på Vestland fylkeskommune vert ei viktig del av løysinga på klimautfordringa ved å kutte egne utslip, legge til rette for nullutslipptransport og bidra til klimainnovasjon og grøn konkurransekraft i eit framoverlent næringsliv som kan selge gode klimaløysningar til resten av verda. Når det rapporten frå IPBES viser eg til svar i interpellasjonen frå representanten Hammer.»

Tomren sitt forslag vart ikkje realitetsbehandla. Var ivareteke gjennom PS 61/19.

#### **FO 14/19 Interpellasjon frå Golis (MDG) - Hordland fylkesting erklærer klima og miljøkrise**

##### **Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019**

**Natalia Golis (MDG)** trekte sin interpellasjon.

#### **FO 15/19 Spørsmål frå Kolbotn (R) - statstilskot og skulepengar private vidaregåande skular**

##### **Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019**

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Fylkesordføraren legg til grunn at det er dei tre skulane Metis vgs, Bergen private gymnas og Akademiet FPG ( tidl. Sonans) som vert rekna som kommersielle vgs. Inneverande skuleår er det om lag 1150 elevar ved dei tre skulane. Skuleåret 2015/16 var det om lag 1200 elevar ved desse skulane.

Med unnatak av Danielsen vgs og St Paul gymnas har friskulane eigne inntak. Fylkesrådmannen har difor ikkje oversyn kor mange søkjarar dei har til komande skuleår. Basert på erfaringstal er det grunn til å tru at elevtalet ved dei tre skulane vil vere ein stad mellom 1150 og 1250 komande skuleår.

Det er Utdanningsdirektoratet som skal godkjenne rekneskapen til friskulane og sjå etter at krava som vert stilt for å få statstilskott er til stades. Dei fylkeskommunale representantane er observatørar utan stemmerett i styra i friskulane. Dei har såleis ikkje ei rolle i arbeidet med å avdekke eventuelt for mykje utbetalt statstilskott til friskular.

Fylkesordføraren bad i marstinget fylkesrådmannen om å fremje ei sak til handsaming i fylkestinget i juni der spørsmåla kring godkjenning og eventuell tilbaketrekking av godkjenning vert drøfta. Utgangspunktet for drøftinga er kravet om tilbakebetaling av statstilskott som utdanningsdirektoratet har stilt til to friskular i Hordaland. Grunna mykje arbeid i samband med etableringa av Vestland fylkeskommune har ikkje administrasjonen klart å levere ei slik sak. Fylkesrådmannen reknar med å ha ei sak klar til oktoberstinget. Fylkesordføraren vil ta stilling til vidare oppfølging i etterkant av den politiske saka.»

#### **FO 16/19 Spørsmål frå Oen (SV) - Nedlegging av ambulerande trafikkstasjon i Hardanger og omgjerding av Odda, Stord og Voss til sørviskontor**

##### **Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019**

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Viser til deres henvendelse vedrørende Statens vegvesens forslag til endring av trafikkstasjonsstrukturen i Hordaland. For å sikre en helhetlig forståelse av Statens vegvesen sitt arbeid og innholdet/konsekvenser av vårt forslag, anbefaler vi et eget møte med aktuelle interessenter. Et tilsvarende orienteringsmøte ble nylig gjennomført med Fylkesutvalget i Sogn og Fjordane.

#### Bakenforliggende:

Statens vegvesen fikk i oktober 2018 et oppdrag fra Samferdselsdepartementet der vi skulle utrede et forslag til ny tjenestestruktur og tjeneste leveransemodell – den såkalte TK reformen. Oppdraget var å etablere en helhetlig modell for Trafikant og Kjøretøy området basere på Statens vegvesens tidligere utredninger og Områdegjennomgangen utført av CapGemini på oppdrag fra Samferdselsdepartementet i 2017/18. I tillegg ble vi bedt om å vurdere helhetlig leveranseform og kvalitetsmessige evalueringa av alle tjenestestedene i fht egnethet, volum og konsekvens for befolkningen og næringsvirksomhet. Vurderingene og forslaget til ny tjenestestruktur skal gjøres for hele landet og reflektere konsekvensene av etatens omfattende digitaliseringsprogram samt krav til effektivisering av etaten med 15%.

Utredningsarbeidet skulle også inkludere en ekstern involvering av ulike bransjeaktører for å synliggjøre konsekvenser, drøfte og innhente innspill til forslag til ny tjenestestruktur. Her var landets kommuner og fylkeskommuner representert med Kommunenes sentralforbund (KS). Rapporten fra arbeidet ble oversendt til Samferdselsdepartementet 19.05.19.

#### Vår anbefaling:

Økt digitalisering, endring av regelverk og utvikling av alternativ gjennomføringsmodell av tjenestene gjør at Statens vegvesen har foreslått å avvikle ca 20 trafikkstasjoner i hele landet. Digitalisering vil medføre at dagens oppmøte på trafikkstasjonene erstattes av nettløsninger. Dette vil gi en total reduksjon av merkantil bemanning på ca 200 årsverk på landsbasis i perioden 2020-25. For tjenester som ikke blir digitalisert har Statens vegvesen foreslått ambulerende tjenesteleveranse.

#### Hordaland spesifikt:

Statens vegvesen har foreslått å avvikle tjenestetilbudet kun på ett sted i Hordaland og det er Norheimsund. Pr i dag gjennomfører vi kun førerprøver klasse B og traktor i Norheimsund. I fremtiden foreslår vi dette gjennomføres på Voss. Bakgrunnen for dette er at tjenestestedet ikke har førerprøveruter som tilfredsstillt kravene for denne type ferdighetsprøver av kandidater.

Utover dette skal de øvrige tjenestestedene i Hordaland opprettholdes, men med noen tilpasninger. Vi har foreslått å gjøre noen bygningsmessige endringer, deriblant å kvitte oss med de tradisjonelle trafikkstasjonene rundt om i fylket og heller flytte våre ansatte / tjenester til mer egnede kontorlokaler, da gjerne samlokalisert med andre statlige, fylkeskommunale eller kommunale enheter på de aktuelle stedene. Denne prosessen vil vi arbeide med etter at departementet har behandlet vårt forslag til ny tjenestestruktur og tjenesteleveransemodell.

Link til rapporten: <https://www.vegvesen.no/attachment/2699697/binary/1328027>»

## **PS 25/19 Ymse**

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019**

Til å skrive under møteboka saman med fylkesordføraren vart Terje Kollbotn, R og Aud Karin Oen, SV valde.

Fylkesordføraren gjorde framlegg om at møteboka vert godkjend av fylkesordføraren og dei som vart opnemnde til å skrive under møteboka. Fylkestinget slutta seg til dette.

Ordføraren i Kvam Jostein Ljones ønskte fylkestinget velkommen til Norheimsund.

Fylkesordføraren heldt opningstalen sin til fylkestinget.

Fylkesrådmannen heldt sin tale.

10.klasse elevane Sander Eide Aase, Tove Haslum, Torstein Måge, rektor Kari Ljones og avdelingsleiar Camilla Støren Bakke frå Strandebarm skule fekk helsing og blomster av fylkesordføraren i samband med at dei var vinnare av Klassequizen 2019 tidlegare i år.

## ORDSKIFTE ETTER TALANE

Etter talane var det ordskifte. 13 representantar hadde ordet.

I samband med ordskiftet vart det sett fram forslag om 3 fråsegner:

**Roald Kvamme (A)** sette fram forslag til fråsegn om «Stortinget må sikra eit nytt og betre inntektssystem for fylkeskommunane» til Kommunal – og beredskapsdepartementet, Kommunalministeren, Hordalandsbenken og Finansdepartementet. Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandla fråsegna og setja fråsegna på sakskartet som ny sak.

**Jon Askeland (SP)** sette fram forslag til fråsegn om «Tid for tillitsreform» til Regjeringa v/ statsministeren og Hordalandsbenken. Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandla fråsegna og setja fråsegna på sakskartet som ny sak.

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram forslag til fråsegn om «Støtte til streikande i sjukehusa» til Helse- og omsorgsdepartementet, Helse Vest, partane i streika samt Spekter. Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandla fråsegna og setja fråsegna på sakskartet som ny sak.

I samband med ordskiftet vart det sett fram to forslag til vedtak:

**Natalia Golis (MDG)** - Erklæring av klimakrise og miljøkrise. Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandla forslaget og setja forslaget på sakskartet som ny sak.

**Terje Kollbotn (R)** - Oppfølging av RS 17/19 i fylkestinget. Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandla forslaget og setja forslaget på sakskartet som ny sak.

## ORIENTERING

Konst.fylkesrådmann Ingrid Holm Svendsen gav slik orientering til fylkestinget:

«Tiltak for utbetaling av godtgjersle for møte i fylkestinget.

I vinter sette representanten Dan Femoen fram spørsmål om ein har høve til å avslå krav om godtgjersle som er framsett *etter* fristen 31. mars slik ein har sett i «Reglement om godtgjersle for folkevalde pkt. 10.

Slik praksis har vore i Hordaland fylkeskommune har representantane måtte sende inn krav frå førre budsjettår innan denne fristen. Krav som kjem inn etter fristen fell bort.

Hovudregelen er at dersom ein har fast godtgjersle i eit utval, får ein ikkje møtegodtgjersle. Men denne regelen gjeld ikkje for møta i fylkestinget, der ein har fast godtgjersle pluss møtegodtgjersle for kvart møte ein møter i.

Ved nærare gjennomgang av saka til representanten Femoen har ein sett at «Reglement om godtgjersle for folkevalde pkt. 10 ikkje kan nyttast i høve til krav om møtegodtgjersle. Møtegodtgjersle er å sjåast på som eit lønnskrav og slike krav blir først forelda etter 3 år jf. Foreldelseslova § 2.

Ein har vidare sett at det er mange av fylkestingsrepresentantane som ikkje har fremja krav om slik møtegodtgjersle for møte i fylkestinget. Det er slik fylkesrådmannen ser det grunn til å tru at mange ikkje har vore klar over at dette ikkje vert utbetalt, slik praksis har vore, utan krav. Sett i samanheng med den administrative praksis som har vore med å halde fast på «Reglement om godtgjersle for folkevalde pkt. 10», er det fylkesrådmannen si vurdering at det kan vere tilfelle kor forlengja forelding etter foreldelseslova § 10 vil kunne vera aktuelt.

Fylkesrådmannen ønskjer på denne bakgrunn, på sjølvstendig initiativ, å sjå til at alle fylkestingsrepresentantane får utbetalt møtegodtgjersle for møte i fylkestinget i denne fylkestingsperioden. Fylkesrådmannen vil samstundes nytte høvte til å beklage at det har etablert seg ein praksis på grunnlag av reglementet som altså ikkje er i samsvar med gjeldande rett.»

## **PS 26/19 Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular - Revisjonsrapport**

### **Forslag til innstilling**

På bakgrunn av rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at berekning av «pott» til refusjon av kostnader til spesialundervisning ivaretek krav om likebehandling og krav om at berekninga av midlar til spesialundervisning skal vere relatert til talet elevar med spesialundervisning.
2. Utarbeide skriftlege retningslinjer og rutinar som skildrar modellen som blir nytta, prosessen med berekning av refusjon til skulane, eventuelle kompenserande tiltak mv
3. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 04.11.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2019**

#### **Handsaming i møtet**

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Line Johansen, presenterte på video frå Bergen resultatet av den gjennomførte vurderinga av spesialundervisning i friskular og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet vart samde om å føye slik setning til i punkt 1 i innstillinga: I dette ligg det også at det må vurderast om måten å berekne «potten» på er den rette, då noverande berekningsmodell ikkje sikrar likebehandling.

Kontrollutvalet ber om at Deloitte får 15 minuttar til å presentere rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular for fylkestinget 12. – 13.06.2019.

Etter dette vart slik innstilling samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

På bakgrunn av rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at berekning av «pott» til refusjon av kostnader til spesialundervisning ivaretek krav om likebehandling og krav om at berekninga av midlar til spesialundervisning skal vere relatert til talet elevar med spesialundervisning. I dette ligg det også at det må vurderast om måten å berekne «potten» på er den rette, då noverande berekningsmodell ikkje sikrar likebehandling.
2. Utarbeide skriftlege retningslinjer og rutinar som skildrar modellen som blir nytta, prosessen med berekning av refusjon til skulane, eventuelle kompenserande tiltak mv.
3. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 04.11.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019**

Forvaltningsrevisor Line Johansen, Deloitte orienterte om saka.

**Tor Andre Ljosland (KRF)** sette fram slikt forslag:

(a) «Endring i punkt 1

Bytte ordet "elever" med "timer".»

(b) «Nytt punkt 4

Fylkesrådmannen gjer ei ny vurdering av innkomne krav for refusjon av utgifter til spesialundervisning i perioden frå fylkeskommunen endra modellen for refusjon av utgifter til spesialundervisning. Gjennomgangen skal gjerast med sikte på å eventuelt tilbakebetale manglande utgiftsdekning for friskolane.»

Ljosland trekte sitt forslag (a).

### **Røysting**

Innstillinga punkt 1-3 vart samrøystes vedteken.

Ljosland sitt forslag (b) vart samrøystes vedtek.

### **Vedtak**

På bakgrunn av rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at berekning av «pott» til refusjon av kostnader til spesialundervisning ivaretek krav om likebehandling og krav om at berekninga av midlar til spesialundervisning skal vere relatert til talet elevar med spesialundervisning. I dette ligg det også at det må vurderast om måten å berekne «potten» på er den rette, då noverande berekningsmodell ikkje sikrar likebehandling.
2. Utarbeide skriftlege retningslinjer og rutinar som skildrar modellen som blir nytta, prosessen med berekning av refusjon til skulane, eventuelle kompenserande tiltak mv.
3. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 04.11.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.
4. Fylkesrådmannen gjer ei ny vurdering av innkomne krav for refusjon av utgifter til spesialundervisning i perioden frå fylkeskommunen endra modellen for refusjon av utgifter til spesialundervisning. Gjennomgangen skal gjerast med sikte på å eventuelt tilbakebetale manglande utgiftsdekning for friskolane.

## **PS 27/19 Forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning - Revisjonsrapport**

### **Forslag til innstilling**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Utarbeide samla oversikt over nasjonale og regionale mål i kulturminneforvaltninga med tilhøyrande tiltak
2. Vidareutvikle rapporteringa for å sikre betre styringsinformasjon i kulturminneforvaltninga
3. Gjennomføre risikovurderingar knytt til det å ivareta fylkeskommunen sitt ansvar i kulturminneforvaltninga
4. Gjennomgå og tydeleggjere rolle- og oppgåvedelinga internt hos Fylkeskonservator
5. Etablere eit overordna rutinedokument som gir oversikt over gjeldande retningslinjer, rutinar og malar knytt til dei ulike oppgåvene Fylkeskonservatoren har ansvar for
6. Sikre at alle rutinar er oppdaterte og elles drøfte med dei tilsette kva rutinar og malar som hadde vore hensiktsmessig å ha



7. Etablere tydelegare kriterium for tildeling av tilskot til musea
8. Sikre etterleving av lovpålagte fristar i sakshandsaminga av dispensasjonssaker
9. Sikre at mynde til å fatte vedtak alltid er tydeleg delegert for ulike sakstypar
10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 07.10.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 01.04.2019**

### **Handsaming i møtet**

Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr frå Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen innan kulturminneforvaltning og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Spørsmål om presentasjon av revisjonsrapporten for fylkestinget 12. – 13.06.2019 vert å komme tilbake til i møtet i kontrollutvalet 07.05.2019.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Utarbeide samla oversikt over nasjonale og regionale mål i kulturminneforvaltninga med tilhøyrande tiltak
2. Vidareutvikle rapporteringa for å sikre betre styringsinformasjon i kulturminneforvaltninga
3. Gjennomføre risikovurderingar knytt til det å ivareta fylkeskommunen sitt ansvar i kulturminneforvaltninga
4. Gjennomgå og tydeleggjere rolle- og oppgåvedelinga internt hos Fylkeskonservator
5. Etablere eit overordna rutinedokument som gir oversikt over gjeldande retningslinjer, rutinar og malar knytt til dei ulike oppgåvene Fylkeskonservatoren har ansvar for
6. Sikre at alle rutinar er oppdaterte og elles drøfte med dei tilsette kva rutinar og malar som hadde vore hensiktsmessig å ha
7. Etablere tydelegare kriterium for tildeling av tilskot til musea
8. Sikre etterleving av lovpålagte fristar i sakshandsaminga av dispensasjonssaker
9. Sikre at mynde til å fatte vedtak alltid er tydeleg delegert for ulike sakstypar
10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 07.10.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019**

### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Utarbeide samla oversikt over nasjonale og regionale mål i kulturminneforvaltninga med tilhøyrande tiltak
2. Vidareutvikle rapporteringa for å sikre betre styringsinformasjon i kulturminneforvaltninga
3. Gjennomføre risikovurderingar knytt til det å ivareta fylkeskommunen sitt ansvar i kulturminneforvaltninga
4. Gjennomgå og tydeleggjere rolle- og oppgåvedelinga internt hos Fylkeskonservator

5. Etablere eit overordna rutinedokument som gir oversikt over gjeldande retningslinjer, rutinar og malar knytt til dei ulike oppgåvene Fylkeskonservatoren har ansvar for
6. Sikre at alle rutinar er oppdaterte og elles drøfte med dei tilsette kva rutinar og malar som hadde vore hensiktsmessig å ha
7. Etablere tydelegare kriterium for tildeling av tilskot til musea
8. Sikre etterleving av lovpålagte fristar i sakshandsaminga av dispensasjonssaker
9. Sikre at mynde til å fatte vedtak alltid er tydeleg delegert for ulike sakstypar
10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 07.10.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.

## PS 28/19 Godkjenning av årsrekneskap 2018

### Forslag til innstilling

1. Årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune for 2018 vert godkjend.
2. Overskotet på 20,8 mill. kr vert sett av til disposisjonsfond med tanke saldering av 2020-budsjettet.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.05.2019

#### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

#### Innstilling til fylkestinget

1. Årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune for 2018 vert godkjend.
2. Overskotet på 20,8 mill. kr vert sett av til disposisjonsfond med tanke saldering av 2020-budsjettet.

### Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019

**Roald Kvamme (A)** sette på vegner av Ap, Sv, Sp, Krf fram slikt forslag:

Alternativ pkt. 2.

Overskotet på 20,8 mill. kr vert disponert med 7,5 millionar til formåla som er beskreve. Resten av overskotet vert sett av til disposisjonsfond med tanke på saldering av 2020 budsjettet.

Tilskot friluftsråda Hordaland, fordeles forholdsvis etter størrelse	2 000 000
Tilskot til prosjekt «Dagsturhytter»	2 000 000
Tilskot Fartøyvernsenteret, fullføring av læringsarena for nytt fagskulestudie i klassisk bygningsvern og forprosjekt til nytt fagskoleutdanningstilbod i Fartøyvern	500 000
<u>Punktutbetring/trygge skulevegar</u>	<u>3 000 000</u>
Til saman:	7 500 000

Jon Askeland (A) og Nils Kåre Skoge (H) stilte spørsmål ved sin habilitet då dei er styremedlemer i Bergen og Omland friluftsråd (BOF).

Dag Rune Mo (A) stilte spørsmål ved sin habilitet då han er varamedlem til styret i Hardanger og Voss museum.

Askeland, Skoge og Moe gjekk frå under behandlinga av habiliteten.

Fylkestinget vedtok samrøystes at Askeland og Skoge var innhabile, jf. Fvl § 6.1,e. og at Moe ikkje var inhabil.

Askeland og Skoge gjekk frå under behandlinga av saka.

Det var 53 representanter tilstades.

### **Røysting**

Innstilling punkt 1 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 2 fekk 22 røyster (H, FRP, V, MDG ) og fall.

Kvamme sitt forslag fekk 31 (A, SP, KRF, SV, R) og vart vedteke.

### **Vedtak**

1. Årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune for 2018 vert godkjend.
2. Overskotet på 20,8 mill. kr vert disponert med 7,5 millionar til formåla som er beskreve. Resten av overskotet vert sett av til disposisjonsfond med tanke på saldering av 2020 budsjettet.

Tilskot friluftsråda Hordaland, fordeles forholdsvis etter størrelse	2 000 000
Tilskot til prosjekt «Dagsturhytter»	2 000 000
Tilskot Fartøyvernssenteret, fullføring av læringsarena for nytt fagskulestudie i klassisk bygningsvern og forprosjekt til nytt fagskoleutdanningstilbod i Fartøyvern	500 000
<u>Punktutbetring/trygge skulevegar</u>	<u>3 000 000</u>
Til saman:	7 500 000

## **PS 29/19 Årsmelding 2018 Hordaland fylkeskommune**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget tek «Årsmelding 2018 Hordaland fylkeskommune» til orientering.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.05.2019**

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget tek «Årsmelding 2018 Hordaland fylkeskommune» til orientering.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019**

### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

Fylkestinget tek «Årsmelding 2018 Hordaland fylkeskommune» til orientering.

## **PS 30/19 Finansrapport 1. tertial 2019**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget tek finansrapporten for 1. tertial 2019 til orientering.

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.05.2019**

##### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

##### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget tek finansrapporten for 1. tertial 2019 til orientering.

#### **Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019**

##### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

##### **Vedtak**

Fylkestinget tek finansrapporten for 1. tertial 2019 til orientering.

#### **PS 31/19 Godkjenning av prosjektrekneskap**

##### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet godkjenner rekneskapa for prosjekta Knarvik vidaregåande skule, Kvinnherad vidaregåande skule og Fylkeshuset

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.05.2019**

##### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

##### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget godkjenner rekneskapa for prosjekta Knarvik vidaregåande skule, Kvinnherad vidaregåande skule og Fylkeshuset

#### **Saksprotokoll i fylkestinget – 12.-13.06.2019**

##### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

##### **Vedtak**

Fylkestinget godkjenner rekneskapa for prosjekta Knarvik vidaregåande skule, Kvinnherad vidaregåande skule og Fylkeshuset

#### **PS 32/19 Godkjenning av to prosjektrekneskap**

##### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet godkjenner rekneskapa for prosjekta Profilering eigedomar og Fana gymnas – ombygging.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.05.2019**

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkesutvalet godkjenner rekneskapa for prosjekta Profilering eigedomar og Fana gymnas – ombygging.

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019**

### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

Fylkestinget godkjenner rekneskapa for prosjekta Profilering eigedomar og Fana gymnas – ombygging.

## **PS 33/19 Tertialrapport pr. april 2019 - rekneskapsprognose**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.05.2019**

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019**

### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering

## **PS 34/19 Nytt fylkeshus - eigarskap og byggestart**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget vedtek å realisere nytt fylkeshus i eigenregi.
2. Fylkestinget vedtek framlagt prosjekt med ei samla kostnadsramme på 910 millionar kr eks mva.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.05.2019

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.  
Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek å realisere nytt fylkeshus i eigenregi.
2. Fylkestinget vedtek framlagt prosjekt med ei samla kostnadsramme på 910 millionar kr eks mva.

## Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019

**Terje Kollbotn (R)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Hordaland fylkesting går inn for å ruste opp dagens fylkeshus til moderne standard og godt inneklima gjennom gjenbruk og energieffektivisering.
2. Hordaland fylkesting ber fylkesrådmannen og prosjektleiar for den nye Vestland fylkeskommune om å førebu ei sak om opprustning av det komande Vestland fylkeshus i Bergen for det nye Vestland fylkesting.»

### Røysting

Kollbotn sitt forslag fekk 1 røyst (R) og fall.  
Innstillinga vart vedteken mot 1 røyst (R).

### Vedtak

1. Fylkestinget vedtek å realisere nytt fylkeshus i eigenregi.
2. Fylkestinget vedtek framlagt prosjekt med ei samla kostnadsramme på 910 millionar kr eks mva.

## PS 35/19 Fyllingsdalen vgs. - Rehabilitering

### Forslag til innstilling

- 1 Fylkestinget godkjenner prosjekt med ombygging/rehabilitering av Fyllingsdalen vgs. med ei samla kostnadsramme på 75 million kroner.
- 2 Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 647.020.00	02320	06043	Fyllingsdalen vgs – Rehabilitering / ombygging	26 000 000	
10 777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		26 000 000
				26 000 000	26 000 000

## Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 09.04.2019

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

## Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget godkjenner prosjekt med ombygging/rehabilitering av Fyllingsdalen vgs. med ei samla kostnadsramme på 75 million kroner.
2. Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	647.020.00	02320	06043	Fyllingsdalen vgs – Rehabilitering / ombygging	26 000 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		26 000 000
				26 000 000	26 000 000	

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

### Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

### Vedtak

1. Fylkestinget godkjenner prosjekt med ombygging/rehabilitering av Fyllingsdalen vgs. med ei samla kostnadsramme på 75 million kroner.
2. Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	647.020.00	02320	06043	Fyllingsdalen vgs – Rehabilitering / ombygging	26 000 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		26 000 000
				26 000 000	26 000 000	

## Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019

### Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Fylkestinget godkjenner prosjekt med ombygging/rehabilitering av Fyllingsdalen vgs. med ei samla kostnadsramme på 75 million kroner.
2. Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	647.020.00	02320	06043	Fyllingsdalen vgs – Rehabilitering / ombygging	26 000 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		26 000 000
				26 000 000	26 000 000	

## **PS 36/19 Willy Valentinsens vei 34 - godkjenning av bod**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget godkjenner bod på kr 4800 pr. kvm. BRA etter NS 3940:210 for den samla bustadmasse inklusive eventuelt næringsareal/anna bygningsareal som endeleg godkjent reguleringsplan tillet på eigedomen.
2. Fylkesrådmann får fullmakt til å signere kjøpekontrakten.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.05.2019**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

#### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget godkjenner bod på kr 4800 pr. kvm. BRA etter NS 3940:210 for den samla bustadmasse inklusive eventuelt næringsareal/anna bygningsareal som endeleg godkjent reguleringsplan tillet på eigedomen.
2. Fylkesrådmann får fullmakt til å signere kjøpekontrakten.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019**

#### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

1. Fylkestinget godkjenner bod på kr 4800 pr. kvm. BRA etter NS 3940:210 for den samla bustadmasse inklusive eventuelt næringsareal/anna bygningsareal som endeleg godkjent reguleringsplan tillet på eigedomen.
2. Fylkesrådmann får fullmakt til å signere kjøpekontrakten.

## **PS 37/19 Fullmakt til sal av eigedomar som er kjøpt i samband med bygging av bybane til Fyllingsdalen**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget godkjenner sal av eigedomane i denne saka som del av prosjektet bybanen byggetrinn 4, og at salsinntektene går direkte tilbake til prosjektet.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre sal og godkjenne bod som er lik eller høgare enn 90 % av takst.
3. Dersom høgaste bod er lågare enn 90 % av takst, tek fylkesutvalet avgjerd om salet.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.05.2019**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.



## **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget godkjenner sal av eigedomane i denne saka som del av prosjektet bybanen byggetrinn 4, og at salsinntektene går direkte tilbake til prosjektet.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre sal og godkjenne bod som er lik eller høgare enn 90 % av takst.
3. Dersom høgaste bod er lågare enn 90 % av takst, tek fylkesutvalet avgjerd om salet.

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019**

### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

1. Fylkestinget godkjenner sal av eigedomane i denne saka som del av prosjektet bybanen byggetrinn 4, og at salsinntektene går direkte tilbake til prosjektet.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre sal og godkjenne bod som er lik eller høgare enn 90 % av takst.
3. Dersom høgaste bod er lågare enn 90 % av takst, tek fylkesutvalet avgjerd om salet.

## **PS 38/19 Framlegg om endra bomstasjonsplassering i Åsane bydel**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget legg til grunn at framlegget om nedlegging av bomstasjonane Åsanevegen og i Åsanemyrane, samt flytting av bomstasjonen i Tellevikvegen til E39 ved Nordhordlandsbrua, vil vere innanfor dei krava som er sette til endringar i bompenger i Prop. 11 S (2017-2018).
2. Fylkestinget viser til framlegget til ny bomstasjonsplassering i Åsane fører til at reisande mellom Nordhordland og Nordre Åsane må betale bompengar, og at reisande mellom Nordhordland og Arna må betale bompengar begge vegar. Ny bomstasjonsplassering fører også til at det blir bompengeneinnkrevjing på begge sider av Nordhordlandsbrua ved oppstart av Nordhordlandspakken. Sjølv om reisande internt i Åsane bydel slepp å betale bompengar med den føreslåtte endringa i bomstasjonar i Åsane, meiner fylkestinget at dei føreslåtte endringane ikkje vil vere meir i tråd med nytteprinsippet eller er meir rettferdig enn dagens bomstasjonsplassering. Fylkestinget vil difor ikkje rå til endringar i bomstasjonsplassering i Åsane no.
3. Plassering av bomstasjonar og takstnivå i bomringen i Bergen skal evaluerast våren 2020 basert på erfaringstal for passeringar. Evalueringa skal gje grunnlag for å vurdere om dagens plassering av bomstasjonar i heile Bergen bør endrast.

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 05.06.2019**

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget legg til grunn at framlegget om nedlegging av bomstasjonane Åsanevegen og i Åsanemyrane, samt flytting av bomstasjonen i Tellevikvegen til E39 ved Nordhordlandsbrua, vil vere innanfor dei krava som er sette til endringar i bompenger i Prop. 11 S (2017-2018).

2. Fylkestinget rår til at endringar i bomstasjonsplassering i Åsane vert gjennomført slik det er foreslått. Dette vil eliminera urimeleg forskjellsbehandling av internreiser i bydelen og har lågare innkrevingskostnader.

3. Fylkestinget vil i samarbeid med Bergen kommune prioritera finansieringsbidraget på 1,5 mrd. kr. til ringvegaust, byggetrinn Vågsbotn – Klauvaneset, og i tillegg arbeida for at dette prosjektet vert prioritert høgt i Nasjonal transportplan 2022-33 med snarast moglegbyggjstart. Ei flytting av bomstasjonen til E39 ved Nordhordlandsbrua skal medverka til å sikra finansiering og tidlegare oppstart av den nye vegstrekninga.

4. Fylkestinget syner til den aukande trafikken og køproblema på strekninga Vågsbotn-Klauvaneset og vil ta initiativ til ei ytterligare styrking av kollektivtilbodet i Åsane og mellom Bergen og Nordhordland.

5. Plassering av bomstasjonar og takstnivå i bomringen i Bergen skal evaluerast våren 2020 basert på erfaringstal for passeringar. Evalueringa skal gje grunnlag for å vurdere om dagens plassering av bomstasjonar i heile Bergen bør endrast. Den totale bompengebelastninga i Bergen og omland er for høg. Fylkestinget vil arbeida for at den statlege finansieringa av prosjekta vert auka. I tillegg vil fylkestinget krevja ei betre samordning av bompengepakkeane i og rundt Bergen slik at belastninga på trafikkantane vert meir rettferdig.»

**Renate M. Klepsvik (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkestinget går inn for å fjerne ytre bomring i Bergen. FT ber om at alle delprosjekt i Miljøløftet blir gjennomgått med sikte på å redusere kostnader og/eller ta ut delprosjekt for å redusere bompengebelastninga i Bergen.»

## **Røysting**

Klepsvik sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Rasmussen sitt forslag fekk 5 røyster (A og MDG) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 8 røyster (Sp, H, V, SV og KrF) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

## **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget legg til grunn at framlegget om nedlegging av bomstasjonane Åsanevegen og i Åsanemyrane, samt flytting av bomstasjonen i Tellevikvegen til E39 ved Nordhordlandsbrua, vil vere innanfor dei krava som er sette til endringar i bompenger i Prop. 11 S (2017-2018).
2. Fylkestinget viser til framlegget til ny bomstasjonsplassering i Åsane fører til at reisande mellom Nordhordland og Nordre Åsane må betale bompengar, og at reisande mellom Nordhordland og Arna må betale bompengar begge vegar. Ny bomstasjonsplassering fører også til at det blir bompengeinnkrevjing på begge sider av Nordhordlandsbrua ved oppstart av Nordhordlandspakken. Sjølv om reisande internt i Åsane bydel slepp å betale bompengar med den føreslåtte endringa i bomstasjonar i Åsane, meiner fylkestinget at dei føreslåtte endringane ikkje vil vere meir i tråd med nytteprinsippet eller er meir rettferdig enn dagens bomstasjonsplassering. Fylkestinget vil difor ikkje rå til endringar i bomstasjonsplassering i Åsane no.
3. Plassering av bomstasjonar og takstnivå i bomringen i Bergen skal evaluerast våren 2020 basert på erfaringstal for passeringar. Evalueringa skal gje grunnlag for å vurdere om dagens plassering av bomstasjonar i heile Bergen bør endrast.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 12.06.2019**

**Pål Kårbø (KrF)** sett fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget legg til grunn at framlegget om nedlegging av bomstasjonane Åsanevegen og i Åsanemyrane, samt flytting av bomstasjonen i Tellevikvegen til E39 ved Nordhordlandsbrua, vil vere innanfor dei krava som er sette til endringar i bompenger i Prop. 11 S (2017-2018).
2. Fylkestinget rår ikkje til at endringar i bomstasjonsplassering i Åsane vert gjennomført slik det er foreslått.
3. Fylkestinget vil i samarbeid med Bergen kommune prioritera finansieringsbidraget på 1,5 mrd. kr. til ringveg aust til byggetrinn Vågsbotn – Klauvaneset, og i tillegg arbeida for at dette prosjektet vert prioritert høgt i Nasjonal transportplan 2022-33 med snarast mogleg byggjestart, slik det går fram av brev frå Bergen og Regionrådet Nordhordland 3. Mars 2019. *Når realisering av strekninga Vågsbotn – Klauvaneset er vedteken, kan evt flytting av bomstasjonane i Åsane vurderast på ny. Til dess vert bommane ståande der dei står.*
4. Fylkestinget syner til den aukande trafikken og køproblema på strekninga Vågsbotn-Klauvaneset og vil ta initiativ til ei ytterlegare styrking av kollektivtilbodet i Åsane og mellom Bergen og Nordhordland.
5. Plassering av bomstasjonar og takstnivå i bomringen i Bergen skal evaluerast våren 2020 basert på erfaringstal for passeringar. Evalueringa skal gje grunnlag for å vurdere om dagens plassering av bomstasjonar i heile Bergen bør endrast. Den totale bompengebelastninga i Bergen og omland er for høg. Fylkestinget vil arbeida for at den statlege finansieringa av prosjekta vert auka. I tillegg vil fylkestinget krevja ei betre samordning av bompengepakken i og rundt Bergen slik at belastninga på trafikkantane vert meir rettferdig.»

**Terje Søviknes (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkestinget går inn for å fjerne ytre bomring i Bergen. Fylkestinget ber om at alle delprosjekt i Miljøløftet blir gjennomgått med sikte på å redusere kostnader og/eller ta ut delprosjekt for å redusere bompengebelastninga i Bergen.»

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

1. Fylkestinget ber administrasjonen gå i dialog med kommunane kring Bergen om ei heilskapleg utgreiing som ser på moglegheitene for å samordne alle bompengeprojekt/-pakkar i Bergensregionen og innkrevjinga til desse. Utgreiinga må og sjå på korleis det totale bompengetrykket påverkar moglegheitene for vekst og utvikling i Bergensregionen.
2. Fylkestinget er uroa for gjeldsveksten og kostnadsauken i framtidige kollektivinvesteringar, og ber difor administrasjonen gjennomføre kostnadsreducerande tiltak som kan halde på ramma i pakkane som skal finansierast.
3. Fylkestinget ber administrasjonen gå i dialog med statlege myndigheiter, slik at bompengeselskapa, i vårt tilfelle Ferde, får halde fram som bombrikkeutfendar også etter 30.06.2020. Dette vil kunne gje innsparingar på nærare 50 millionar kroner kvart år.
4. Fylkestinget ber administrasjonen gå i dialog med statlege myndigheiter om å opne opp for at bompengeselskapa kan finansiere sin totale bompengегjeld i større buntlån, eit grep som vil gje nærare 50 millionar kroner i reduserte finanskostnadar for bilistane i vår region.»

**Kjell Gitton Håland (A)** sette fram slikt forslag:

#### «Alternativ:

1. Plassering av bomstasjonar i Åsane nord vert endra ved at to stasjonar vert fjerna og den siste vert flytta rett sør for Nordhordlandsbrua.
2. Eksakt plassering vert utpekeika av Statens vegvesen.
3. Bergen kommune vil i samarbeid med Fylkestinget prioritera finansieringsbidraget på 1,5 mrd. kr. til ringveg øst til byggetrinn Vågsbotn – Klauvaneset, og i tillegg arbeida for at dette prosjektet vert prioritert høgt i Nasjonal transportplan 2022-33 med snarast mogleg byggestart, slik det går fram av brev frå Bergen og Regionrådet Nordhordland 3. Mars 2019. Ei flytting av bomstasjonen til E39 ved Nordhordlandsbrua skal medvirka til å sikra finansiering og tidlegare oppstart av den nye vegstrekninga. Når denne vert opna for trafikk er det ein føresetnad at ei eventuell bompenggeinnkrevjing vert samordna med Bomringen i Bergen. Jmf. Stortingsprop. 11 S (2017–2018) Finansiering av Bypakke Bergen i Hordaland, der det står følgjande: «For at delar av trafikken skal velje å køyre rundt byen, er det nødvendig å sjå bomtakstane for ringvegen og bypakka i samanheng»
4. Fylkestinget syner til den aukande trafikken og køproblema på strekninga Vågsbotn-Klauvaneset og vil ta initiativ til ei ytterlegare styrking av kollektivtilbodet i Åsane og mellom Bergen og Nordhordland.
5. Plassering av bomstasjonar og takstnivå i bomringen i Bergen skal evaluerast våren 2020 basert på erfaringstal for passeringar. Evalueringa skal gje grunnlag for å vurdere om dagens plassering av bomstasjonar i heile Bergen bør endrast. I den forbindelse vil også ny erfaring fra flytting av bomstasjoner vurderes grundig, spesielt mot nyttepinsippet og nullvekstmålet.
6. Det vert tatt atterhald om statleg godkjenning av endringane.»

#### **Røysting**

Søviknes sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Kårbø sitt forslag punkt 3 fekk 5 røyster (KrF+H) og fall.

Kårbø sitt forslag punkt 1, 2, 4 og 5 fekk 2 røyster (KrF) og fall.

Håland sitt forslag fekk 5 røyster (A) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 8 røyster (Sp, KrF, SV, V og H) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Bjørkly sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.

#### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget legg til grunn at framlegget om nedlegging av bomstasjonane Åsanevegen og i Åsanemyrane, samt flytting av bomstasjonen i Tellevikvegen til E39 ved Nordhordlandsbrua, vil vere innanfor dei krava som er sette til endringar i bompenger i Prop. 11 S (2017-2018).
2. Fylkestinget viser til framlegget til ny bomstasjonsplassering i Åsane fører til at reisande mellom Nordhordland og Nordre Åsane må betale bompengar, og at reisande mellom Nordhordland og Arna må betale bompengar begge vegar. Ny bomstasjonsplassering fører også til at det blir bompenggeinnkrevjing på begge sider av Nordhordlandsbrua ved oppstart av Nordhordlandspakken. Sjølv om reisande internt i Åsane bydel slepp å betale bompengar med den føreslåtte endringa i bomstasjonar i Åsane, meiner fylkestinget at dei føreslåtte endringane ikkje vil vere meir i tråd med nytteprinsippet eller er meir rettferdig enn dagens bomstasjonsplassering. Fylkestinget vil difor ikkje rå til endringar i bomstasjonsplassering i Åsane no.

3. Plassering av bomstasjonar og takstnivå i bomringen i Bergen skal evaluerast våren 2020 basert på erfaringstal for passeringar. Evalueringa skal gje grunnlag for å vurdere om dagens plassering av bomstasjonar i heile Bergen bør endrast.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019**

**Pål Kårbø (KRF)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget legg til grunn at framlegget om nedlegging av bomstasjonane Åsanevegen og i Åsanemyrane, samt flytting av bomstasjonen i Tellevikvegen til E39 ved Nordhordlandsbrua, vil vere innanfor dei krava som er sette til endringar i bompenger i Prop. 11 S (2017-2018).
2. Fylkestinget rår ikkje til at endringar i bomstasjonsplassering i Åsane vert gjennomført slik det er foreslått.
3. Fylkestinget vil i samarbeid med Bergen kommune prioritera finansieringsbidraget på 1,5 mrd. kr. til ringveg aust til byggetrinn Vågsbotn – Klauvaneset, og i tillegg arbeida for at dette prosjektet vert prioritert høgt i Nasjonal transportplan 2022-33 med snarast mogleg byggjeart, slik det går fram av brev frå Bergen og Regionrådet Nordhordland 3. Mars 2019. *Når realisering av strekninga Vågsbotn – Klauvaneset er vedteken, kan evt flytting av bomstasjonane i Åsane vurderast på ny. Til dess vert bommane ståande der dei står.*
4. Fylkestinget syner til den aukande trafikken og køproblema på strekninga Vågsbotn-Klauvaneset og vil ta initiativ til ei ytterlegare styrking av kollektivtilbodet i Åsane og mellom Bergen og Nordhordland.
5. Plassering av bomstasjonar og takstnivå i bomringen i Bergen skal evaluerast våren 2020 basert på erfaringstal for passeringar. Evalueringa skal gje grunnlag for å vurdere om dagens plassering av bomstasjonar i heile Bergen bør endrast. Den totale bompengebelastninga i Bergen og omland er for høg. Fylkestinget vil arbeida for at den statlege finansieringa av prosjekta vert auka. I tillegg vil fylkestinget krevja ei betre samordning av bompengepakkeane i og rundt Bergen slik at belastninga på trafikkantane vert meir rettferdig.»

**Terje Kollbotn (R)** sette fram slikt forslag:

«Alternativt forslag:

1. Hordaland fylkesting går inn for å leggje ned bomstasjonane Åsanevegen og Åsanemyren i Åsane og Tellevikvegen.
2. Hordaland fylkesting vil arbeide for 100% statleg finansiering av strekninga E-39 Klauvaneset – Vågsbotn.»

**Roald Kvamme (A)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Plassering av bomstasjonar i Åsane nord vert endra ved at to stasjonar vert fjerna og den siste vert flytta rett sør for Nordhordlandsbrua.
2. Eksakt plassering vert utpekeika av Statens vegvesen.
3. Bergen kommune vil i samarbeid med Fylkestinget prioritera finansieringsbidraget på 1,5 mrd. kr. til ringveg øst til byggetrinn Vågsbotn – Klauvaneset, og i tillegg arbeida for at dette prosjektet vert prioritert høgt i Nasjonal transportplan 2022-33 med snarast mogleg byggjeart, slik det går fram av brev frå Bergen og Regionrådet Nordhordland 3. Mars 2019. Ei flytting av bomstasjonen til E39 ved Nordhordlandsbrua skal medvirka til å sikra finansiering og tidlegare oppstart av den nye vegstrekninga. Når denne vert opna for trafikk er det ein føresetnad at ei eventuell bompengeskjening vert samordna med

Bomringen i Bergen. Jmf. Stortingsprop. 11 S (2017–2018) Finansiering av Bypakke Bergen i Hordaland, der det står følgjande: «For at delar av trafikken skal velje å køyre rundt byen, er det nødvendig å sjå bomtakstane for ringvegen og bypakka i samanheng»

4. Fylkestinget syner til den aukande trafikken og køproblema på strekninga Vågsbotn-Klauvaneset og vil ta initiativ til ei ytterlegare styrking av kollektivtilbodet i Åsane og mellom Bergen og Nordhordland.
5. Plassering av bomstasjonar og takstnivå i bomringen i Bergen skal evaluerast våren 2020 basert på erfaringstal for passeringar. Evalueringa skal gje grunnlag for å vurdere om dagens plassering av bomstasjonar i heile Bergen bør endrast. I den forbindelse vil også ny erfaring fra flytting av bomstasjonar vurderes grundig, spesielt mot nyttepinsippet og nullvekstmålet.
6. Det vert tatt atterhald om statleg godkjenning av endringane.»

**Terje Søviknes (FRP)** setter fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkestinget går inn for å fjerne ytre bomring i Bergen. Fylkestinget ber om at alle delprosjekt i Miljøløftet blir gjennomgått med sikte på å redusere kostnader og/eller ta ut delprosjekt for å redusere bompengebelastninga i Bergen.»

**Benthe Bondhus (SP)** sette fram slikt forslag:

«Nytt pkt. til innstillinga.

Fylkestinget ber om ei framskunda samla vurdering/evaluering av ytre bomring i Bergen. Arbeidet vert å starta opp straks og sak forelagt fylkestinget desember 2019.»

Benthe Bondhus (SP) trekte sitt forslag.

**Benthe Bondhus (SP)** sett fram slikt oversendingsforslag.

